



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/9750-1

## **Skriv og melding - fylkesrådet for eldre 11. februar 2019**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

### **Vedlegg:**

Invitasjon Vestlandskonferansen  
Invitasjon Landskonferansen  
Invitasjon til regionale dialogmøte om Vestland  
Brev frå Pensjonistforbundet om velferdsteknologi

### **Meldesak 1) Landskonferansen 20. – 22. mai 2019**

Telemark fylkeskommunale eldreråd inviterer fylkesråda for eldre til landskonferanse i Skien 20. – 22. mai 2019. Endeleg program for landskonferansen vert sendt ut medio februar 2019. Frist for innsendingar av forslag til uttalar er 15. februar 2019. Alle innsendte forslag til uttale vil bli sendt fylkesråda innan 1. mars 2019.

### **Meldesak 2) Vestlandskonferansen 8. – 9. mai 2019**

Fylkeseldrerådet i Hordaland inviterer fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane og Rogaland til Vestlandskonferansen 2019. Vestlandskonferansen er fastsett til 8. – 9. mai, og skal vere på Solstrand Hotell og Bad i Os kommune. Påmelding og detaljert program kjem i slutten av januar 2019.

### **Meldesak 3) Invitasjon til regionale dialogmøte om Vestland**

Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) førebud no nye Vestland fylkeskommune. Arbeidsutvalet inviterer til fem opne møte om viktige vegval for Vestland fylke. Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike delar av det nye fylket, som rører ved Vestland fylkeskommune si rolle som tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Agenda er lik for alle møta. Det skal vere møte i Førde, Øyrane vidaregåande skule, 26. mars kl. 17.00 – 20.00.

### **Meldesak 4) Lyst til å lære meir om velferdsteknologi?**

Pensjonistforbundet arbeider for at eldre skal få ei betre forståing av kva moglegheiter velferdsteknologi kan gje i deira kvar dag. Pensjonistforbundet har lært opp 100 brukarrepresentantar på dette området, som vert kalla velferdsteknologiambassadørar. For utfyllande informasjon, sjå vedlegg.

### **Meldesak 5) Regional koordineringsgruppe – «Leve hele livet»**

Harald og Aud Karin orienterer frå møte i gruppa, som var på Voss 28. november 2018.

Meldesak 6) Velferdsteknologisamling i Stryn, Lærdal og Høyanger  
Harald orienterer frå samlinga som var i Stryn og Anna Sofia orienterer frå samlinga som var i Høyanger.

**Meldesak 7) «Leve hele livet» - konferanse i Florø 7. mars 2019**  
Harald orienterer kort om denne samlinga.

**Meldesak 8) Ymse**